

Turbuss Vest AS
Idrettsvegen 53
5353 STRAUME

Dato: 22.06.2017
Vår ref.: 2017/2964-7
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknader om ruteløyve – melding om vedtak og klage, og oversending av ruteløyvedokument

Vi viser til dykkar brev av 23.12.16 med søknad om ruteløyve for strekninga Bergen Busstasjon – Nyborg ved Ikea, og vårt brev av 26.05.17 med melding om vedtak i sak om dykkar søknad om ruteløyve for servicebussar i Fjell kommune.

Hordaland fylkesutval gjorde i møte 23.05.17 følgjande vedtak i saka:

Fylkesutvalet tildeler Turbuss Vest AS ruteløyve for strekninga Bergen Busstasjon – Nyborg ved Ikea på følgjande vilkår:

1. Ruteløyvet gjeld for 10 år.
2. Ruteløyvet gjeld ikkje for lokaltransport.
3. Ved fornying av materiell vert Turbuss Vest AS oppmoda til å nytte meir miljøvenleg teknologi.

Vedlagt følgjer ruteløyvedokument. Dette skal oppbevarast på hovudkontoret. Kopi skal følgje med alle bussar som vert nytta i ruta saman med turvognløyvedokument og dokumentasjon på disposisjonsrett over bussen.

I brev av 09.06.17 frå Taxi 1 AS er begge vedtaka påklaga. Fylkesutvalet er førsteinstans og den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Fylkesutvalet eller klagenemnda kan gjere om vedtaket om tildeling av ruteløyvet til dykk, eller vilkåra for det. Dersom fylkesutvalet opprettheld vedtaket, går saka vidare til klagenemnda, som i så fall vil gjere endeleg vedtak. Saka kan ikkje handsamast i klagenemnda før etter sommarferien.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.